

Meir klimapusleri

PRESENTASJONEN til regjeringa av klimameldinga prøvde å gje inntrykk av stor satsing fram til no, mellom anna med overoppfylling av Kyotoavtalen, og nye radikale tiltak for å få ned klimautsleppa med 30 prosent fram til 2020. Det er positivt at to tredel av klimakutta skal takast innan landet. Likevel, meldinga overtyder ikkje om at regjeringa vil setja inn tilstrekkelege tiltak for å nå målet. Tidlegare klimapusleri skal halda fram. Me finn også kjend retorikk for å oppretthalda mytar om Noreg som klimanasjon. Eit spørsmål frå ein journalist i ordskiftet etter karakteriserer situasjonen: Vil klimautsleppa i landet no gå ned eller opp? Det kunne ikkje miljøverministeren svara direkte på, han viste til gode intensjonar og djerve mål.

Sidan referanseåret 1990 har utsleppa i Noreg auka cirka 8 prosent, men utsleppa av CO2 har auka med meir enn 30 prosent. Banda våre til fossilt drivstoff er slik blitt sterkare. Kyotoprotokollen seier tydeleg at utsleppa primært skal takast innanlands. Noreg har derfor ikkje halde avtalen, det er grønvasking å hevda noko anna.

MELDINGA VITNAR OM at regjeringa ikkje forstår kor stor risiko det er for at dagens generasjon av vaksne påfører ein klimakatastrofe på dei som kjem etter oss. Vegen mot eit postfossilt samfunn vert ikkje grundig nok diskutert. Same dag som meldinga kom, sa leiaren for Det internasjonale energibyrået (IEA), Maria von der Hoeven, at regjeringar set mål om kutt i karbonutslepp på vent og fører verda mot stupet til katastrofale klimaendringar. Vi dare sa ho: Vår binding til fossile drivstoff vert sterkare for kvart år. Mange teknologiar for rein energi er tilgjengelege, men blir ikkje tekne raskt nok i bruk for å unngå potensielle katastrofale konsekvensar. Orda hennar råkar også vår regjering.

Frank Rossavik skriv (BT 25. april) at klimasaka knapt er i stand til å flytta på ein einaste veljar. Dette lovar ikkje godt for oss som er engasjerte i Klimavalg 2013. Eg vonar likevel at prediksjon om stortingsval er mindre føreåtsieleg enn han trur.

EIN FILMSNUTT PÅ YouTube kan illustrera dette. Den viser mange menneskje som kosar seg i ein park. Ein person tek til å dansa. Dansaren er ikkje spesielt flink, men dansar vidare. Så blandar ein til seg i dansen. Dei to held på lenge, til sist kjem ein tredje, så ein fjerde. Til sist tek alle del i dansen.

Då det kom fleire med, vart eit sosialt vippepunkt passert. Etterpå vaks interessa for dansen utruleg raskt. Før eller seinare blir det sosiale klimavippepunktet nådd i mange land. Folk vil reisa seg til kamp for rettferda til dei som kjem etter oss. Det kan ta år. Me må syta for at det sosiale vippepunktet blir nådd lenge før vippepunktet for raske klimaendringar.

SIGBJØRN GRØNÅS,
OS

Jeg er enormt stolt av å være frivillighetsminister i et land som har flere medlemskap i frivillige organisasjoner enn vi har innbyggere.

Frivillighet er et fellesgode

FRIVILLIGHET

Anniken Huitfeldt,
kulturminister



Frivillighet er en styrke for demokratiet vårt, for fellesskap folk imellom, for livskvalitet gjennom opplevelser og trygghet gjennom de nettverk som skapes i frivilligheten. Frivillig sektor er viktig for de som deltar, men også for oss som samfunn er en sterk frivillig sektor et fellesgode.

Gode vilkår for frivilligheten er en viktig sak for regjeringen. Vi har derfor siden vi overtok i 2005 sørget for nær en milliard kroner i inntektsvekst og bedring i rammevilkår. Det har gitt resultater. LNU's resultatrapport 2011 viser både medlemsvekst og inntektsvekst blant deres medlemmer siden vi overtok. Alle partier er for frivillighet, men vi har ulike svar på hva som skal til. Våre viktigste tiltak for frivilligheten er:

■ **Innført momskompensasjonsordningen:** I 2012 er det bevilget 627,5 millioner kroner til momskompensasjonsordningen. Regjeringens satsing på momskompensasjon til frivillige organisasjoner er den største satsingen på frivillig sektor over statsbudsjettet noensinne.

■ **Innført grasrotandelen:** I 2011 mottok lokale lag 296 millioner kroner i grasrotandel gjennom ordningen i Norsk Tipping. Denne var Høyre imot.

■ **Økt antall frivilligsentraler:** Antall frivilligsentraler har økt med over 100 fra 2005. I 2011 fikk 370 frivilligsentraler tilskudd fra staten.

■ **Reddet Frifondordningen:** H-KrF-V-regjeringen ville kutte bevilgningene til satsing på barn og unge gjennom Frifond. Vi har sørget for en økning på rundt 50 millioner kroner over statsbudsjettet til dette.



FRIVILLIGHET: Kulturloftet har også vært et frivillighetsløft. Det har bidratt til stor mobilisering av frivillige på festivaler og på andre kulturarenaer, skriver statsråd Huitfeldt. Bildeet er fra Førdefestivalen

FOTO: ODDLEIV APNESETH

■ **Holdt kulturloftet:** Kulturloftet har også vært et frivillighetsløft. Det har bidratt til stor mobilisering av frivillige på festivaler og på andre kulturarenaer. Høyre var mot kulturloftet.

VI HAR GITT FRIVILLIGHETEN et økonomisk løft, men å legge til rette for frivillighet handler om mer enn penger. Regjeringen er opptatt av at organisasjonene skal bruke mest mulig tid på aktivitet og minst mulig på skjemaer. Derfor har vi satt i gang en rekke tiltak for å forenkle samhandling mellom det offentlige og frivillig sektor, fra å identifisere tiltak som kan forenkle statlige tilskudd til et større arbeid med å styrke Frivillighetsregisterets funksjonalitet. Alt skjer i nær dialog med frivilligheten.

ET SAMLET politisk Norge er opptatt av frivillighet, men vi har ulike løsninger. Det er helt naturlig, det er jo derfor vi er med i ulike partier. Det som derimot overrasker meg er de stadige utspillene fra Høyre om at vi overstyrer frivilligheten. Nestleder Bent Høie påsto på NRK Radio nylig at vi påtvang idretten tiltak for å lage egen aktivitet for minoritetsbarn. Det er feil. Fordi vi ser at færre barn med minoritetsbakgrunn får være med i idrett har vi en egen tilskuddsordning for inkludering i idrettslag, som lag kan søke på om de ønsker det. Her er målet å få med ungene i den ordinære

aktiviteten. Det er jo slik vi lykkes med inkludering.

ERNA SOLBERG er på samme sporet i sin kronikk i BT denne uken, med påstander om at frivillige sammenlutninger underlegges velferdsstaten. Her er vi rett og slett uenige med Høyres virkelighetsforståelse. Jeg har enorm respekt for frivillighetens egenart og

grenser – og den egenverdien som ligger nettopp i at det er frivillige som gjør innsatsen. Erna Solberg beskylder til slutt Arbeiderpartiet for å ville ta patent på den norske dugnadsånden. Til det vil jeg bare svare at vi gjerne deler på dugnadsånd, i tråd med vår linje om at alle skal med!

Gode vilkår for frivilligheten er en viktig sak for regjeringen

Lettvint frå Unge Venstre

EU

Oddvar Skre
Hordaland Nei til EU



LEIAREN I BERGEN Unge Venstre, Mathias Fischer, skreiv i eit svarinnlegg til Daniel Ducrocq i Rødt Hordaland i BT 24. april at fisk, landbruk og stemmerett er dei einaste områda der landet vårt ikkje er EU-medlem. Dette er feil, Unge Venstre gløymer det viktigaste, nemleg at utanfor euroen kan me framleis føra vår eigen økonomiske politikk. Vidare at også innanfor EØS har me eit relativt stort spelerom, som ja-folk i Høyre og Ap ikkje har utnytta den tid dei har sete i regjeringsposisjon, til dømes ved å bruka

reservasjonsretten mot skadelege direktiv. Og når det gjeld stemmeretten, så ville Noreg ifølgje Lisboa-traktaten hatt om lag 1 % av stemmene i EU-parlamentet, og makta ligg framleis ligg hos Kommisjonen og Rådet, der dei store landa i Europa (Tyskland, Frankrike, Italia, Storbritannia) bestemmer. Unge Venstre bør ta seg ein prat med sine søsterparti i Sverige og Danmark for å høyra korleis det står til med demokratiet i EU-systemet.

DET ER RETT at på grunn av rikdommen vår på olje og fisk har landet vårt ikkje blitt så hardt råka av finanskrisa så landa i Sør-Europa, men noko av grunnen ligg og i at me står utanfor euroen, og

slepp å binda oss til EU sin politikk, ein politikk som går ut på å la vanlege folk og arbeidstakarar betala for krisa i form av arbeidsløyse og reduserte løner og pensjonar. Island er på veg ut av krisa fordi dei nekta å betala tilbake heile Icesave-lånet og let bankane gå konkurs. Det hadde dei ikkje kunna som EU-medlem.

DIFOR ER EU-SYSTEMET ein del av årsakene til finanskrisa, det er altfor lett å skulda på udugelege og korrupte politikarar slik Fischer gjer. La oss få ein debatt om det verkelege EU, der pengemakta og ikkje folket styrer, i staden om ein debatt om eit EU som berre eksisterer i Unge Venstre og andre EU-tilhengarar sin fantasi.

Eg kunne ha lyst til å be Fischer om å forklara nærare kva han meiner når han seier at norsk EU-medlemskap vil «gi oss demokrati og en mulighet til å være en del av løsningen på problemene i andre europeiske land».

ETTER MITT OG DEI FLESTE nordmenn sitt syn er moglegheitene større utanfor enn innanfor EU-systemet, sjølv om det også er god grunn til å stilla spørsmålsteikn ved om EØS-avtalen er den beste tilknytingsforma for oss.

Ein gong var mitt gamle parti Venstre eit sosialliberalt parti. Det er dei ikkje lenger. Difor er det berre naturleg at dei no har kuttet ut den sosiale dimensjonen og berre kallar seg liberalt.